

Fædrelandsvennen

Populær skald fra Skjervedal

□ FÆDRELANDSVENNEN 17.09.2012 Side 10 -
Seksjon: Kultur - Del: 2

Forfatter: Odd-Inge Rønning Uleberg E-post:
odd.inge.uleberg@fnv.no

Nokre tenkjer meir enn andre og formulerer tankane betre enn andre. Oddbjørn Aardalen på Skjervedal er ein av dei Oddbjørn Aardalen

Nå er den tidlegare fylkesskogmeisteren ute med si fjerde diktsamling sidan 2005. I Vennesla og oppover Setesdal er han blitt ein populær skald.

Kvar samling er selt i nokre hundre eksemplar, og han er mykje rundt og deklamerer.

- Eg har alltid likt poesi. Rolf Jacobsen, Jan Erik Vold og Hans Børli. Sjølv byrja eg for alvor å skrive i 2003. Eg kan takke Diktammeret i Dagbladet for mykje. Helge Torvund der har hjelpt meg mykje, fortel Aardalen.

Første samlinga, «Grønn resept», kom på bokmål. Dei tre andre, «Å sjå med hjarta», «Tryms verd» og nå «Rundetid», er alle på nynorsk. Oddbjørn Aardalen kjenner seg meir heime i det norske målet.

Han skriv mykje om naturen kring garden på Skjervedal. Det store og lille livet interesserer og utfordrar han. Samfunnsutvikling, politikk og plassen til mennesket i alt saman. Han skriv både prosa og på rim.

Oddbjørn Aardalen er av dei som tykkjer det er lurare å hauste poteter fra eigen åker enn å Simportere dei billeg frå Kypros. Han er i ein stadig opposisjon til marknadsliberalismen - og for den saks skuld alt det skråsikre - i dikta sine.

- Eg er nostalgisk. Ingen tvil om det, seier han.



Les også

- [Nå må hun roe seg litt](#)
Fædrelandsvennen - 07.03.2013
- [Oddbjørn Aardalen fra](#)
Fædrelandsvennen - 27.10.2012
- [Sveinsson tenkjer meir på framtida enn Førdrunn Utan leiar nn Kontrakten går](#)
Sogn Avis - 15.03.2014
- [Vis flere !\[\]\(a43b62a38b6e2844e794f4301a08d3ba_img.jpg\)](#)

Aardalen vil søke spørsmålsteikna meir enn utropsteikna, men er i tvil om han får det til. Han krev fridom til å meine høgt. Aardalen er ikke ein mann som du fanger i ein moderne strategiplan. Han er for ekte til det.

Av den grunn skriv han på Setesdalsforlaget. Den nye diktsamlinga, som heiter «Rundetid», fekk han faktisk godteke på eit stort forlag, men han takka nei.

- Du blir så bunden. Forlaget skal styre mest alt. Eg kan ikkje ha det slik, seier han.

«Rundetid» er delt inn etter dei 12 månadane. Kvar månad inneheld minst sju dikt.

Eitt av dei Aardalen har fått mest ros for, går slik:

Draumen er lekk

eg set ei blå skål

under svevnen

Diktet som kanskje summerer diktaren sjølv best heiter «Skjervedal», etter garden der han er fødd og bur.

Eg blei ikkje rik

ikkje berømt

men eg kan stå

i min eigen marskveld,

på min eigen tram,

under mine eigne stjerner,

vite at eg er født her,

og skal døy

på denne garden

som er like mager og lukkeleg

som meg sjølv.

Oddbjørn Aardalen er heil ved og dyrkar ein annan visdom enn den prestisjetunge:

Klokskap

Tenkje på klokskap

ikkje mastergrader i medisin

eller stolpar opp eller ned

i matematikk,

nei klokskap,

som måten Einar snudde

skråa i munnen på

og augo han såg ned på hendene med

som om han ville spørje dei

før han sa noko.

Sitat: Forlaget skal styre mest alt. Eg kan ikkje ha det slik

Sitat:

Bildetekst:

- HEIMSTADEN: Garden Skjervedal og heimstaden er viktig for Oddbjørn Aardalen. Mange dikt handlar om naturen rundt. Foto: Odd-Inge Rønning Uleberg
- NUMMER FIRE: «Rundetid» heiter Oddbjørn Aardalens siste dikt-samling. Foto: Odd-Inge Rønning Uleberg

© Fædrelandsvennen